

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

### Handsaming i møtet

Konst. fylkesrådmann, Ingrid Kristine Holm Svendsen, og fung. fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Nils Vetlesand, presenterte på video frå Bergen årsrekneskapen for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart gjort slike endringar i uttalen.

- Ordet «denne" vart stroke i punkt 2
- Slik setning vart føyd til i punkt 2: Kontrollutvalet er samde med konst. fylkesrådmann at dette ikkje er ei bærekraftig utvikling.
- Slik setning vart føyd til i punkt 4: men kontrollutvalet vil samstundes understreka konst. fylkesrådmann si vurdering om at det i tida framover må prioriterast endå tydelegare.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 02.09.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2018 nr. 21 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale, med dei endringar som kom fram i møtet, om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.